

Kulturskulekonsert flytta til Uskedalen.

20.12.2017



Gitarorkester og mange andre instrumentgrupper får vi oppleve på konserten i kveld.

**Den store kulturskulekonserten som skulle ha vore i Rosendal samfunnshus i dag, onsdag kl.18, er flytta til Aktivitetshuset her i Uskedalen. Grunnen til dette er at det har oppstått vasslekkesje i samfunnshuset. Dette vert ein flott konsert med mange flinke kulturskuleelevar, og vert nok den største kulturskulekonserten som har vore arrangert her i bygda.**

Kvart år før jul arrangerer Kvinnherad kulturskule konsertar slik at publikum skal få ei flott oppleving, og elevane skal få øving i å oppstre. Desse konsertane er spreidd i fleire bygder, men det har vore tradisjon at dei største konsertane har vore på Husnes og i Rosendal. Dette er svært flotte konsertar, og blant dei flinke elevane som opptrer, er det også alltid ein del uskedelingar. Det vert det også i kveld.

Dette året får vi altså ein slik førjulskonsert her i Uskedalen, og eg anbefaler å ta ein tur i Aktivitetshuset i kveld kl.18. Dette er den nest siste julekonserten til kulturskulen i år. Dei avsluttar med konsert med 'Trøkk' og 'Amigos' i kulturskulesenteret på Husnes torsdag kl.18. Då har dei hatt 6 ulike framsyningars.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland